



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/173 - 19/2652

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

08.02.2019

Mangelbrev til søknad om seksjonering av GBNR 23/585

Viser til søknad om seksjonering mottatt her 25.01.19.

Søknaden har manglar som gjer at me ikkje kan behandle den slik den ligg føre.

I søknaden er det fylt ut for oppretting av 29 bustadseksjonar med tilleggsareal B. Byggteikningane viser også ein seksjon nr 30 på garasjen – denne også med ein del av garasjen som tilleggsareal B. Det må vera samsvar mellom tal seksjonar i søknadsskjemaet og på planteikningane. Her må enten søknad eller teikningar endrast!

Garasje/ parkering kan opprettast som eigen næringsseksjon, eller ligga som fellesareal til alle seksjonane.

I tillegg er det brukt feil gbnr i både følgebrev og på byggteikningar, der det opprinnelege bnr 509 er påført. Det er mest ryddig at nye tildelte bnr 585 vert brukt her.

Kommunen vil anbefale at de ikkje bruker navnet på sameiget som er oppgitt i vedtektene. Adressa Løypetona 3A kan verte tatt i bruk til anna bygg og å bruka dette navnet her vil då vera misvisande. Løypetona 102-108 er dei offisielle adressene på dette bygget og kan brukast i navnet- eventuelt saman med rett gbnr 23/585.

Saka vert lagt på vent til kommunene har mottatt tilbakemelding frå dykk og aktuelle manglar er rette. Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101

TØNSBERG